

Retningslinjer foreldrebidrag jamfør «gratisprinsippet»

Vinjar skule

Vedtatt av Fau: 11.09.2023

For at ein ikkje skal komma i konflikt med «gratisprinsippet» i skulen, har FAU ved Vinjar skulen utarbeida nokre enkle retningslinjer/hugseliste:

- Ein kan invitere og be om at foreldre bidrar med mat/drikke/køyring eller anna til arrangement i regi av skulen.
 - Bidrag, som inneber ein økonomisk kostnad, skal vera valfrie
 - Ein skal ikkje delegere ut til enkeltføresette å bidra med mat/drikke/køyring/anna
 - Ein skal ikkje lage klasselister med ansvarsfordeling som inneber at ein *må* bidra med mat/drikke/køyring eller anna.
 - Ein skal ikkje føre namneliste eller oppgi namn på kven som bidrar. Det skal ikkje vera synleg liste på kven som bidrar/ikkje bidrar.
- Slik kan ein gjera det:
 - Klassekontakten, evt. andre, kan sende ut felles melding til alle med informasjon om kva ein gjerne vil ha bidrag til (Eksempel: 2 langpannekaker og 2 kanner kaffi).
 - Dei som vil/kan bidra melder seg direkte til klassekontakten sin.
 - Klassekontakten melder vidare om dette er større fellesarrangement (Eksempel: 2 kaker og 2 kanner kaffi kjem frå 4.klasse)
- Ein kan kalla inn til arrangement, kor føresette bidrar utan å måtta bidra økonomisk. Dette kan vera rydding/vakt/tilstelling/hjelp osv. (Eksempel: Aktivitetskveldar, klassefestar osv.)